



Statens vegvesen

Jarle Ro
Eidsnesvegen 128
5913 EIKANGERVÅG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
15/258348-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
24.02.2017

Vurdering av avkøyrslø fv. 395 – Skogsveg – gnr. 215 bnr. 3 – Lindås kommune

Vi viser til vårt førehandstilsegn datert 18.03.2016, for skogbruksavkøyrslø til eigedom gnr. 215 bnr. 3 i Lindås kommune. Vi viser òg til din telefon 03.02.2017, der du ber om ferdigsynfaring og løyve til bruk av avkøyrslø.

Statens vegvesen var på synfaring på staden 10.februar, for å kontrollere at krava i førehandstilsegna var oppfylt. Krav til sikt er satt til 100 meter, frå eit punkt 4 meter inn i avkøyrslø. Dette kravet er ikkje oppfylt i retning høgre (mot sør), slik biletet under viser.



Sikta må utbetrast før vi kan gi løyve til bruk av skogbruksavkøyrslø. Vi ber om at bilete vert sendt over når sikta er betra i tråd med kravet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Når det gjeld krav til svingradius i avkøyrsla, er dette satt til $r=12$ meter. Krav til bredde på avkøyrsla er 6 meter på det smalaste. Kontrollmåling viser av radius i dag er 10,5 meter, medan bredda er om lag 7,5 meter.

Etter ei totalvurdering av forholda på staden finn vi at kurvaturen totalt sett ivaretek tryggleiken i avkøyrsla, ved at store køyretøy kan manøvrere på ein trygg måte. Den fysiske utforminga av avkøyrsla vil vi difor kunne godkjenne.

Vidare handsaming

Sikta må utbetrast i retning høgre, og bilete sendast inn til Statens vegvesen. Etter dette vil vi kunne gi løyve til bruk av skogbruksavkøyrsla.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ